



SUNDE RESIRK AS
Postboks 193
6882 ØVRE ÅRDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
Kristin Espeset, 5557 2141

Inspeksjonsrapport

Inspeksjon ved Sunde Resirk AS, avd. Kaupanger og varsel om endring av løyve

Kontrollnummer: 2021.181.I.SFVL

Kontaktpersonar ved inspeksjonen:

Frå verksemda:

Rolf Vidar Bentås

Jens Vidar Sunde

Hans Arne Vikheim

Trude Gjerme Nessestrand

Frå Statsforvaltaren i Vestland:

Kristin Espeset

Åsmund Skancke Karlsnes

Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten gjeld resultatet frå inspeksjon ved Sunde Resirk AS, avd. Kaupanger den 15. juni 2021. Rapporten er å sjå på som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil innan to veker etter at rapporten er motteken.

Statsforvaltaren i Vestland avdekkja 6 avvik og ga ingen merknader under inspeksjonen. Vi ser alvorleg på alle avvik som vart avdekte i denne inspeksjonen.

Avvik:

1. Verksemda har mangelfull handtering av farleg avfall frå bilsanering
2. Rutinar for drift av oljeutskiljar er ikkje tilfredsstillande
3. Verksemda held ikkje alle krav i løyvet
4. Verksemda sikrar ikkje at farleg avfall og EE-avfall blir utsortert
5. Verksemda har ikkje tilstrekkeleg kompetanse og bemanning ved anlegget
6. Verksemda har ikkje undersøkt om mottakar av avfall er eit lovleg avfallsanlegg

Avvika er nærare omtalte frå side 5 og utover i rapporten.

Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtalt på side 4. Frist for tilbakemelding er 30. september 2021.

Elektronisk dokumentert godkjenning, utan underskrift

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Kopi til:

- Sogndal kommune

Informasjon om den kontrollerte verksemda

Ansvarleg eining

Namn: Sunde Resirk AS	
Organisasjonsnr.: 972 220 248	Eigd av: 995 772 604
Bransjenr. (NACE-kode): 38.320 – Sortering og bearbeiding av avfall for materialgjenvinning	

Kontrollert eining

Namn: Sunde Resirk avd. Kaupanger	Anleggsnr.: 4640.0069.01 4640.0030.03 4640.0069.02
Kommune: Sogndal	Fylke: Vestland
Anleggsaktivitet: Avfall – mottak, mellomlagring og sortering Kasserte Kjøretøy Farlig avfall – mottak og mellomlagring	
Løyve gitt: 17. juni 2004	Sist endra: 10. mars 2017

Bakgrunn for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav som er fastsette i eller med heimel i forureiningslova, vert overhaldne. Inspeksjonen er ein del av Statsforvaltaren sitt risikobaserte industritilsyn for i år.

Tilsynet vart gjennomført med heimel i forureiningslova § 48 og produktkontrollova § 8.

Inspeksjonstema

- Internkontroll
- Mottakskontroll
- Gjennomføring av miljøsanering
- Handtering og lagring av farleg avfall
- Utslepp til vatn
- Drift og prøvetaking av oljeutskiljar
- Kompetanse og bemanning
- Vilkår i løyvet

Rapporten gjeld avvik og merknader som vart avdekka under inspeksjonen. Han gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av miljøarbeidet eller miljøstatusen til verksemda.

Definisjonar

Avvik: Manglande etterleving av krav fastsette i eller med heimel i lov.

Merknad: Eit tilhøve som tilsynsetatane meiner det er naudsynt å peike på for å ivareta ytre miljø, men som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.



Andre tilhøve: Saker som kom fram under inspeksjonen og som det kan vere nyttig for verksemda og sakshandsamarar å kjenne til. Informasjon om verksemda og kommentarar til tema som vart tekne opp under inspeksjonen, men som ikkje vart klassifiserte som avvik eller merknader, kan også inngå her.

Oppfølging etter inspeksjonen

Sunde Resirk avd. Kaupanger pliktar å rette opp avvika som er omtalte i denne rapporten så snart som råd. For at Statsforvaltaren skal kunne avslutte saka, ber vi om at verksemda **innan 30. september 2021** sender ei skriftleg utgreiing som viser korleis avvik er retta og kva tiltak som er gjennomførte eller planlagde.

Vi ser alvorleg på alle avvik som vart avdekte i denne inspeksjonen. Gjennomføringa av tiltaka vil bli følgd opp ved ny kontroll. Kontrollen vil kunne bli uvarsla.

Vi ber om at de stiler svarbrev eller e-post (sfvlpost@statsforvalteren.no) til Statsforvaltaren i Vestland.

Varsel om gebyr

Statsforvaltaren tar gebyr for tilsyn etter faste satsar, basert på kor mykje tid vi brukar på førebuing, gjennomføring og oppfølging av tilsynet, jf. forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi vurderer gebyrsats 1 for dette tilsynet. I år utgjør dette 33 800 kroner, jf. forureiningsforskrifta § 39-7. Endeleg gebyrsats vert vedtatt i eige vedtaksbrev.

Innsyn

Denne rapporten vil vere offentleg tilgjengeleg via postjournalen til Statsforvaltaren i Vestland (jf. offentleglova) og nettstaden Norske Utslipp, www.norskeutslipp.no.

Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

Avvik 1: Verksemda har mangelfull handtering av farleg avfall frå bilsanering

Avvik frå:

- Avfallsforskrifta § 4 - 7 Vedlegg 1, interkontrollforskrifta § 5 andre ledd, punkt 7., forureiningslova § 7 og avfallsforskrifta § 11-5.



Kommentarar til regelverket

Farleg avfall

Ingen må ha, gjere eller setje i verk noko som kan medføre fare for forureining. Farleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte, og det skal gjerast nødvendige tiltak for å unngå fare for forureining.

Miljøsanering

Ein rutine for miljøsaneringa som definerer kva fraksjonar som skal ut av køyretøyet må dokumenterast skriftleg. Som del av den skriftlege rutinen for sanering skal det finnast ei komplett liste over fraksjonar som skal takast ut ved saneringa.

I avfallsforskrifta kapittel 4 Vedlegg 1, punkt 4., står det at oljefilter skal demonterast.

Observasjonar

Farleg avfall

Bedrifta har ei bilpresse utan oppsamling av pressesaft. Pressesaft er farleg avfall og må hindrast i å renna ut på betongdekket. Bremsevæske, kjølevæske og andre emulgatorar kan øydelegge funksjonen til oljeutskiljaren. Oljeutskiljaren er ikkje eigna reinseanlegg og er ikkje bygd for å reinse slike væsker. Pressesafta må også deklarerast som farleg avfall (drivstoff, avfallstoffnummer 7023) og på deklarasjonsskjemaet bør ein opplyse om at avfallet er pressesaft som må handterast som bensin.

Oppsamlingsarrangementet for farleg avfall frå miljøsaneringa gir risiko for utslepp, sjå figur 1. Lagring av tomgods gjer det vanskeleg å få til ein god organisering (figur 2). Farleg avfall skal ikkje lagrast slik at det ved ein uhellssituasjon går til utslepp via oljeutskiljar.



Figur 1: Organisering av lagringa av farleg avfall frå bilsaneringa gir risiko for utslepp.



Figur 2: Tomgods som står til venstre i bilete kunne med fordel ha blitt flytta ein annan stad.

Miljøsanering

Verksemda opplyser at oljefilter blir tømt for olje, men ikkje fjerna. Oljefilter blir levert saman med bilvrak til fragmenteringsanlegget.

Verksemda kunne ikkje vise til ei komplett liste over fraksjoner som skal bli tatt ut ved miljøsanering.



Avvik 2: Rutinar for drift av oljeutskiljar er ikkje tilfredsstillande

Avvik frå: Internkontrollforskrifta § 5, punkt 7, og punkt 2.4 i løyvet

Kommentarar til regelverket

For å etterleve krav i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggingsslovgivinga må det bli sett i verk rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge regelbrot av krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggingsslovgivinga.

Punkt 2.4 i løyvet: For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan gje negativ effekt på miljøet ved utslepp. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

Observasjonar

Sjølv om utsleppsgrensa i løyvet ikkje blir overskriden, må oljeutskiljaren ha nødvendig vedlikehald og tilsyn for å verka som han skal. Til dømes står det i manualen for oljeutskiljaren at koalesensfilteret skal reingjerast kvart kvartal. Dette blir ikkje gjort. Dokumentasjonen for oljeutskiljaren må gjennomgåast for å fange opp andre vedlikehaldstiltak som må gjennomførast jamleg. Blant anna bør det sjekkast om koalesensfilteret burde bytast då oljeutskiljaren er frå 2011. Det må så bli laga ein rutine for vedlikehald og drift av oljeutskiljaren. Rutinen må som eit minimum innehalda informasjon om kapasiteten til oljeutskiljaren, driftsrutinar, dokumentasjon for levert olje/slam og rutinar for prøvetaking av utgåande vatn.

Avvik 3: Verksemda held ikkje alle krav i løyvet

Avvik frå:

Løyvet pkt 1, 2.1, 3.6, 4.1 og 10

Kommentarar til regelverket

Kverning av avfall, pkt 1.

Det er ikkje tillate med kverning av avfall på anlegget.

Årleg mottaksgrense, pkt 1

Det er satt i grense på årleg innvegd avfall på 4500 tonn. Grensa skal reknast som eit gjennomsnitt over dei 3 siste år.

Prioriterte miljøgifter, pkt 2.1

Verksemda har ei plikt til å ha oversikt over utslepp av prioriterte miljøgifter

Avfallshandtering, pkt 3.6

Verksemda må skilje mellom eige, farleg avfall som avfallsprodusent og avfall dei handterer for andre som aktør.

Mottak av kasserte køyretøy, pkt 4.1

Mottekne køyretøy skal miljøsanerast innan 1 veke. Bilar med lekkasje skal miljøsanerast innan 24 timar etter mottak.



Rapportering av utslepp, pkt 10

I årsrapporten er det krav om rapportering av resultat av overvaking og utslepp.

Observasjoner

Kverning av avfall, pkt 1.

5. januar i 2021 blei avfall kverna ved anlegget. Dette har også vore gjort tidlegare.

Årleg mottaksgrense, pkt 1

Under er ei oversikt over motteke avfall til anlegget dei siste åra. I gjennomsnitt er det motteke 5803 tonn årleg dei siste 3 åra. Den årlege ramma som er satt i løyvet er dermed brote med ca 30 %. Oversikten viser at ramma i løyvet er brote dei siste tre åra.

	Motteke avfall (tonn)
2016	4046
2017	5196
2018	4705
2019	6260
2020	6444

Prioriterte miljøgifter, pkt 2.1

I løyvet er det krav om avløpsvatnet ikkje skal vere forureina med prioriterte stoff, jf vedlegg 1 til løyvet. Dette skal dokumenterast med målingar. Avløpsvatnet er ikkje undersøkt for andre stoff enn olje.

Avfallshandtering, pkt 3.6

Avfall frå eksterne vert helt oppi saman med eigenprodusert farleg avfall.

Mottak av kasserte køyretøy, pkt 4.1

Det er ingen eigen handtering av lekkasjebilar. Praksis på anlegget er at det er sanering av kasserte køyretøy kvar 14. dag. Kravet om miljøsanering etter ei veke blir ikkje overhalde.

Rapportering av utslepp, pkt 10

Resultat av utsleppsmålingar blir ikkje alltid sendt inn årleg. Verksemda gjer heller ingen vurdering av om målte verdiar er over eller utsleppsgrensa i pkt 5.1 i løyvet.



Avvik 4: Verksemda sikrar ikkje at farleg avfall og EE-avfall blir utsortert

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta §5 pkt 6.

Kommentarar til regelverket

Internkontrollforskrifta §5 pkt 6.

Verksemda skal kartlegge farar og problem og på denne bakgrunn vurdere risiko, samt utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikoforholda.

Observasjonar

Sjølv om kundar blir informert av verksemda om at EE-avfall og farleg avfall ikkje skal kastast saman med anna avfall så vil både kompleksmetall og blanda næringsavfall, erfaringsmessig, kunne innehalde EE-avfall og farleg avfall.

På tilsynsdagen var det verken personell eller nødvendig areal til å gjennomføre mottakskontroll av avfallet. På tilsynsdagen var også omløpshastigheita så høg at det ikkje var tid til å gå gjennom avfallet, sjå figur 3 under. Det blanda avfallet vart sendt vidare til kverning ved Sunde Resirk sitt anlegg i Årdal og så vidare til forbrenning som ordinært avfall. Ved kverning av blanda avfall på anlegget i januar 2021 tok det til å brenne fordi avfallet inneheldt eit batteri.




Figur 3: Det kjem nytt avfall inn samtidig som opplasting skjer fortløpande.

På tilsynsdagen oppdaga vi ein vaskemaskin, eit lysarmatur og ei kjøkenfifte i kompleksmetallet, sjå figur 4 og 5. Verksemda sin plan var å presse dette EE-avfallet i bilpressa saman med anna



kompleksmetall og sende det til fragmentering. Når EE-avfall blir sendt vidare på denne måten blir det ikkje miljøsanert.

Sidan det ikkje er mottakskontroll, er det heller ikkje ei avvikshandtering av lass som inneheld farleg avfall og EE-avfall. Kunder får difor heller ikkje beskjed, og må ikkje betale ekstra når farleg avfall og EE-avfall er iblanda anna avfall.



Figur 4: Vaskemaskin (EE-avfall) i metallkompleks.



Figur 5: EE-avfall og farleg avfall i metallkompleks.

Avvik 5: Verksemda har ikkje tilstrekkeleg kompetanse og bemanning ved anlegget

Avvik frå:

Internkontrollforskrifta §5 pkt 1, 2, 7 og 8 og Løyvet pkt 3.1.

Kommentarar til regelverket

Internkontrollforskrifta:

1. Sørge for at dei lover og forskrifter i helse-, miljø- og tryggleikslovgivinga som gjeld for verksemda er tilgjengeleg, og ha oversikt over dei krav som er særleg viktig for verksemda.
2. Sørge for arbeidstakarane har tilstrekkeleg kunnskap og ferdigheiter i det systematiske helse, miljø- og tryggleiksarbeidet, og skaffe seg informasjon om endringar.



7. Iverksette rutinar for å avdekke, rette opp og forebygge brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og tryggleiks- lovgivinga.
8. Gjere ei systematisk overvaking og gjennomgang av internkontrollen for å sikra at den fungerer slik ein har planlagt.

Løyvet pkt 3.1:

Bemanninga ved anlegget skal vere tilstrekkeleg til at avfall vert forsvarleg teke hand om. Verksemda skal mellom anna sikre at feil ved merking, sortering og lagring vert unngått eller retta opp straks. Tilsette som handterer farleg avfall skal gjennomføre særskild opplæring av anerkjend nasjonalt kompetansemiljø, eller etter Fylkesmannen sine nærare krav. Alle aktuelle personar skal halde seg oppdatert om gjeldande reglar og normer om stoff/avfall som kan takast i mot på anlegget, og verksemda skal ha ein plan for korleis kompetansen skal haldast vedlike og aukast. Verksemda må til ei kvar tid ha tilknytt – eller ha avtale med - person/firma med særskild kompetanse på korrekt handtering av farleg avfall.

Observasjonar

Avvika over viser at anlegget har for lite bemanning til dei avfallstypene og avfallsmengdene som vart teke imot ved anlegget. Eit eksempel er manglande gjennomføring av mottakskontroll og sortering av blanda avfall (figur 6) og kompleksmetall (figur 7), jf. avvik 4. Manglande gjennomføring av interne rutinar knytta til kasserte køyretøy har også samanheng med manglande mannskap på plass.

Dei tilsette på staden har ikkje sentrale ferdigheiter knytt til internkontroll slik som for eksempel avviksregistrering. Avvika over viser manglande kompetanse knytt til avfallsregelverket og løyvet.



Bilde 6: Blanda næringsavfall som det ikkje var noko mottakskontroll på.



Figur 7: Viser kompleksmetall som det ikkje var noko mottakskontroll på.

Avvik 6: Verksemda har ikkje undersøkt om mottakar av avfall er eit lovleg avfallsanlegg

Avvik frå:

Forureiningslova § 32

Kommentarar til regelverket

§ 32. Håndtering av næringsavfall

«Den som produserer næringsavfall,¹ skal sørge for at avfallet blir brakt til lovlig avfallsanlegg eller gjennomgår gjenvinning, slik at det enten opphører å være avfall eller på annan måte kommer til nytte ved å erstatte materialer som ellers ville blitt brukt».

Observasjonar

Verksemda leverer alt trevirke, inkludert rivingstrevirke med maling, til eit gartneri for forbrenning. Verksemda har ikkje undersøkt om gartneriet som mottar treavfallet er eit lovleg avfallsanlegg.



Andre forhold

Nye areal

Verksemda har teke i bruk eit nytt område (gnr./bnr. 96/2) for lagring av tomme containerar. Før eit nytt område blir tatt i bruk må dette avklarast etter plan- og bygningslova med kommunen.

Dersom verksemda ynskjer å handtere og lagre avfall på det nye område må ein søke Statsforvaltaren om at arealet blir inkludert i løyvet. Før ein søker Statsforvaltaren må ein gjere planavklaringa.

Varsel om endring av løyve

Vi varslar at følgjande vilkår i løyve vert fjerna fordi dei er utdaterte:

«3.2 Løyvehavar skal ta imot alt næringsavfall, spesialavfall inkluder farleg avfall, bilvrak og EE-avfall som vert levert frå avfallsprodusentar.»

«3.5.3 Mottak av farleg avfall frå hushaldning.» Heile vilkåret.

Vi varslar også at vi vil legge til følgjande i vilkår 1:

«Løyvet gjeld ikkje mottak av farleg avfall frå hushald».

Eventuelle merknader til varselet om endring kan sendast til Statsforvaltaren innan 3 veker.

Dokumentunderlag

Lovgrunnlaget for inspeksjonen var:

- Lov om vern mot forurensningar og om avfall (forureiningslova)
- Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta)
- Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskrifta)
- Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskrifta)
- Løyve til verksemd etter forureiningslova frå Statsforvaltaren